



Teatret Vårt

ÅRSMELDING 2007

| | |
|-------------------------------|----|
| Styret si årsmelding | 2 |
| Oppsummering frå teatersjefen | 3 |
| Resultatrekneskap | 6 |
| Balanse | 7 |
| Notar | 8 |
| Statistikk | 10 |
| Revisjonsmelding | 10 |
| Strategidokument 2009-2011 | 11 |
| Repertoar | 12 |
| Sponsorar | 14 |
| Styre og representasjon | 15 |
| Personale ved Teatret Vårt | 15 |

Framsdebilete:

Thorir Sæmundsson og Lena Kristin Ellingsen i *Tolvskillingsoperaen*. Foto: John Hughes.
Tolvskillingsoperaen var ein samproduksjon med Riksteatret.

Utgevar:
Ansvarleg utgevar:
Redaksjon:

Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
 Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset og
 Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 400

Utforming:
Opplag:

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2007 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2007 har vore 1,5 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Teatret har eit styre med 3 kvinnelege representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne.

Møter

Styret hadde i 2007 8 styremøter og handsama 33 saker.

Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 942 978,-. Sum eigenkapital er på kr 2 715 451. Av dette er 550 000 innbetalt aksjekapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatata i 2007 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2007 er satt opp under føresetnad om fortsett drift.

Elen Levin

styreleiar

Just Møgelberg *Stevni Løkelvengholm* *AD* *FLD*

Ottar Brage Guttelvik *Pu Kim Trungmil* *Valborg Frøysones*

Carl M. Amundsen

teatersjef

OPPSUMMERING FRÅ TEATERSJEFEN

Samandrag

2007 har vore eit vellukka år for Teatret Vårt. Dette året har teatret vore hovudsamarbeidsteater med Riksteatret. Dette har prega drifta i 2007. Teatret har gjennomført to landsomfattande turnear, først med *Tolvskillingsoperaen* på våren og så på hausten med *Lampedusa*. Vidare har teatret i meldingsåret skapt to andre hovudproduksjonar – *Elling i nærkontakt* og *Et rom for kjærlighet*. Publikumsstalet er 39 451 og er det nest beste i teatret si historie. Talet på framsyningar er 276 og ligg omlag på gjennomsnittet dei sista fem åra. Rekneskap syner eit overskot på kr 942 978, noko som er særst gledelig.

Mykje arbeid har i 2007 vore lagt ned i planane om eit nytt teater- og jazzhus på Gørvellplassen i Molde sentrum. Mellom anna har det vore avvikla ein internasjonal arkitektkonkurranse som vart vunne av det danske arkitektkontoret 3XN. Saka har vore handsama i Møre og Romsdal fylkesting og i Molde kommunestyre, og statsråd Trond Giske har offentleg kome med lovnader om støtte til bygget.

Administrasjonen ser seg nøgd med arbeidet som er lagt ned i 2007 og slår fast at teatret går inn i spanande tider med stort potensial for utvikling og vekst i åra som kjem.

Samarbeid med Riksteatret

I 2005 blei det klart at Riksteatret ynskte å ha Teatret Vårt som hovudsamarbeidspartnar i 2007. Ganske tidleg blei ein også samde om at dei to teatra skulle produsere Weill/Brechts *Tolvskillingsoperaen* i fellesskap.

Ein samproduksjonsavtale blei utforma i 2006, og her tok også Riksteatret på seg utgiftene med å sende *Lampedusa* på turné hausten 2007.

Når det gjaldt *Tolvskillingsoperaen*, blei ein samde om ressursfordelinga. På den kunstnarlege sida stilte Teatret Vårt fire skodespelarar til disposisjon. Vidare var Thomas Bjørnager, som har vore scenograf på Teatret Vårt ei rekke gonger, scenograf for framsyninga, Teatret Vårt stilte dramaturg og fleire teknikarar under speleperioden. Regi hadde Catrine Telle, og hennar personlege signatur prega også framsyninga. Ho var leiken og

frekk i tonen. Prøveperioden føregjekk i Oslo med unntak av leseprøve og avsluttande prøver som gikk føre seg i Molde.

Tolvskillingsoperaen vart ein storsuksess. I det store og det heile var kritikane gode og publikumsopplutnaden var formidabel rundt om i landet. Denne produksjonsforma gjorde det mogleg for Teatret Vårt å tilby publikum ein produksjon i denne storleiken. Aleine ville ikkje teatret kunne ha presentert ein så ambisiøs og gjennomarbeidd musikal, og våre skodespelarar ville ha vore utan utfordringar i dette store formatet. Per Chr. Revholt og Ket Iren Lødemel blei heidra med Hedda-prisen for den musikalske innsatsen under *Tolvskillingsoperaen*. 53 framsyningar (13 i Møre og Romsdal) gav 17 316 tilskodarar.

Lampedusa var ein produksjon som Teatret Vårt produserte fullt ut i egne lokale i Molde. Riksteatret tok på si side på seg å finansiere turnéen. Riksteatret deltok også i samarbeid om marknadsføring, i auditionprosessen og i utarbeidinga av eit eige formidlingsopplegg for skulane. Skodespelet er skriva av Henning Mankell, og det var forfattaren sjølv som sette det i scene. Med seg hadde han Milja Salovaara som scenograf og samarbeidspartnarar frå "gamle dagar" i Henning Sommerro (musikk) og Edvard Hoem (omsetjing). Desse tre kunstnarane arbeidde saman på Teatret Vårt i syttiåra. Terese Mungai, Vivi Sunde og Svein Solenes spela dei tre karakterane som utgjer dette viktige skodespelet om brennande spørsmål i vår tid. *Lampedusa* er en "passionate and living debate" som instruktør Terry Hands kalla sitt ideale teater. Her står livssyn mot livssyn og fordommar møter andre fordommar. Og stykket handlar om vår evne til å lytte til andre, korleis vi møter kvarandre. Slik sett må *Lampedusa* kunne sjåast som ein flott opptakt til Mangfaldsåret 2008. Fasisit: Varierende meldingar og variabelt besøk. Ved utgangen av 2007 var framsyningstalet for *Lampedusa* 69 og framsyninga har vore vist for 6419 menneske. *Lampedusa* blir teke med vidare inn i 2008 med framsyningar mellom anna for den vidaregåande skulen som del av den kulturelle skulesekken.

Dei to produksjonane med Riksteatret la strenge føringar for kva anna teatret kunne gjere i 2007. Særleg *Tolvskillingsoperaen* tok mykje av dei frie produksjonsmidla. Likevel var det mogleg å oppretthalde produksjonsnivået, og gi publikum eit skikkeleg tilbod i periodar kor store deler av personalet var på turné alle andre stader enn i Møre og Romsdal. To fullverdige produksjonar vart det.



Thorir Sæmundsson og Svein Solenes i
TOLVSKILLINGSOPERAEN

Foto: John Hughes.
Tolvskillingsoperaen var ein samproduksjon med Riksteatret.



Randolf Walderhaug og Kim Fairchild i
TOLVSKILLINGSOPERAEN

Foto: John Hughes.
Tolvskillingsoperaen var ein samproduksjon med Riksteatret.



Ola G. Furuset og Valborg Frøysnes i

ELLING I NÆRKONTAKT

Foto: Arild Moen.



Ola G. Furuset og Jan Martin Johnsen i

ELLING I NÆRKONTAKT

Foto: Arild Moen.

Andre eigenproduksjonar

Teatret fekk urpremièren på det nye skodespelet om Elling, om den fascinerande romanfiguren til Ingvar Ambjørnsen. Axel Helstenius hadde dramatisert den siste av bøkene *Elsk meg i morgen* og versjonen fekk tittelen *Elling i nærkontakt*. Erik Ulfsby sette i scene, og Arne Nøst hadde ansvar for scenografi. For rolla som Elling blei Ola G. Furuset nominert til Hedda-prisen i klassen for beste mannlege skodespelar. Framsyninga gjesta også Oslo Nye Teater, Centralteatret i juni.

Framsyninga fekk gode kritikkar og teatret er særst nøgd med prestasjonane som skodespelarane la for dagen. Framsyninga var på same tid underhaldande og djupt rørende.

47 framsyningar gav 4 852 tilskodarar.

Den andre hovudproduksjonen hausten 2007 var *Et rom for kjærlighet* av Malin Lagerlöf. Framsyninga er eit bidrag til den kulturelle skulesekken for ungdomsskulen. Framsyninga blei teken særst godt i mot av lokalpressa, og hos målgruppa slår denne framsyninga godt an. Publikum er lydhøyr, ein merker at historia og konflikten fengslar (bokstaveleg talt) sidan skodespelet nettopp går føre seg i eit fengsel og handlar om kjærligheitsvilkår bak murane. Haustsesongen blei avslutta med eit gjestespel på Hustad fengsel for tilsette og innsette på lukka avdeling. Dette var ei sterk oppleving, og ei påminning om at teater ofte handlar om det å gi menneske verdigheit gjennom å fortelje menneska sine historier, også om dei som er gøymt eller gløymt. Det handlar om å gjere menneske synlege. Alle menneske har ei historie, alle menneske har behov for å kunne sjå seg sjølv igjen i ei historie som blir fortalt. Carl Morten Amundsen hadde regi og Martin Linde var scenograf. Framsyninga blir teken med over i 2008 og vil etter alt å døme bli vist i Den kulturelle skulesekken også i neste skuleår.

Magic-Net

To skodespelarar frå Teatret Vårt deltok i gjenopptakinga av *Ship of Hope – America* i Schwerin, der Annual Meeting gjekk føre seg i juni 2007. Framsyninga som hadde urpremière under jazzfestivalen i Molde 2006, var opphavleg laga for ei ferje, og framsyninga blei spela medan skipet var i fart. På innsjøane i Schwerin er båtane monaleg mindre, og det viste seg vanskeleg å spele under fart.

Instruktør Peter Dehler omarbeidde difor framsyninga for turné-

en i Mellom-Europa. Vi syntest vel at denne nye versjonen ikkje var så gjennomarbeidd som vi hadde ønska oss. Framsyninga hadde dessutan særst liten likskap med den som blei laga i Molde året før.

Den nye versjonen blei vist i Schwerin, Frankfurt (Oder), Bratislava og Jelena Gora (Polen).

Under Annual Meeting blei det arbeid med planlegginga av den avsluttande produksjonen som skal vere ferdig i juni 2008. I samband med denne produksjonen planlegg vi ein prøveperiode i Molde, og vidare skal Molde vere avslutningsstaden for ein internasjonal turné. Slik det no ser ut, vil Magic-Net bli avslutta etter 2008, iallfall i den forma nettverket fungerer i dag. Teatret Vårt vil då leite etter partnerar slik at det europeiske samarbeidet vårt kan fortsetje.

Formidling

Formidlingsavdelinga på teatret har laga opplegg for skulane for *Lampedusa* og *Et rom for kjærlighet*. I samband med *Lampedusa* samarbeidde ein med Riksteatret og Høgskulen i Volda. I begge desse tilfella blei det produsert ein DVD med førehandsstoff. I tillegg blei det laga arbeidsoppgåver til framsyningane.

I tilknytning til dei ulike produksjonane har det også vore arrangert fleire Sidescener, ulike møter mellom skodespelarar, instruktørar, forfattarar, andre faggrupper og ulike publikumsgrupper.

Formidlingsavdelinga har vidare gjennomført kurs, til dømes i kommunikasjon og forteljing for næringslivet, og høyrspelskurs i samarbeid med NRK Radioteatret for lærarar og elevar.

Formidlingsavdelinga driv også ungdomsgruppa *Lærlingan* og ungdomsteatersatsinga DUS. *Lærlingan* har representert Teatret Vårt ved ei rekke høve. Mellom anna laga *Lærlingan* ein times program i samanheng med Aandahls 125 års jubileum, har underhalde på ei lang rekke konferansar, opning av Høgskoleåret, Bjørnsonfestivalen og andre samlingar. *Lærlingan* har også vore involvert i fleire av produksjonane ved Teater Vårt som musikalske statistar på *Jeppé*, *Ship of Hope – America*, *Mellom togene* (17. mai). Dei har og underhalde før, etter og i pausen i samanheng med fleire av framsyningane på teatret.

Lærlingan har også vore sentrale aktørar når Teatret Vårt har opna scena si for unge aktørar, mellom anna på *Før dei stikk frå byen...* og *Medan dei er heime...* som begge samla fullt hus. *Lærlingan* har brukt opptente honorar til ein studietur til London for, mellom anna, å oppleve fleire musikalar.

Husbygging

Leiinga i teatret har nytta mykje tid og arbeidskraft på planane om eit nytt teater- og jazzhus i Molde. Etter vedtak i Molde kommunestyre skal huset også omfatte eit bibliotek. Internasjonal arkitekttevling er avvikla, og det danske firmaet 3XN gjekk av med seieren. Fylkestinget vedtok å slutte seg til planane, og det same har kommunestyret gjort. Statsråd Trond Giske gav i september departementets klarsignal til at dei samarbeidande institusjonane får lov til å ta opp byggjelån. Han signaliserte også auka driftstilskot i samband med bygginga.

Forprosjekter blir nå sett i gang for å avklare endelege kostnadsrammer m.m. Det arbeidast framleis med tanke på at huset skal stå ferdig til sommaren 2010. Då går den femtiande jazzfestivalen av stabelen, og dette året er det 100 år sidan Bjørnson døydde.

Institusjonane driv allereie nå eit utstrekt samarbeid. Mellom anna skal rekneskapstenestene for institusjonane bli slått saman. Teatret, Bjørnsonfestivalen og Jazzfestivalen får felles rekneskapsteneste frå 2008. Teatret legg opp til å setje opp eit Bjørnsonstykke i året fram til markeringa. Jazzfestivalen og teatret samarbeider om framsyningar i 2008 og om eit komposisjonsprogram for teatermusikk. Samarbeidet blir intensivert i åra som kjem.

Gjestespel

Teatret fekk besøk frå ulike teater i 2007. Teater Altona gjesta med *1900 - Christian Molands hemmelige liv og Jeppesthuset*. Nordland Teater gjesta med *Fra regnormenes liv og Tango*. Ålesundsproduserte *Margot - the show* med Ina Breivik spilte for åtte stappfulle hus i desember.

Turnéverksemda og Teaterbyen Ålesund

Statistikken syner at Teatret Vårt har vitja 34 av dei 36 kommunane i Møre og Romsdal i 2007. Det at teatret også dette året har kunna spela i nesten alle kommunar, skuldast sjølvstekt først og fremst Den kulturelle skulesekken. Turnéane retta mot eit

ope betalende publikum har teatret større problem med. Det normale er at slike framsyningar får ei turnéperiode på om lag 10 speledagar. Teatret dekkjer då: Ålesund, Kristiansund, Sunndalsøra, Surnadal, Stranda, Rauma, Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Brattvåg. Desse spelestadane har med unntak av Kristiansund gode scenetilhøve. Når økonomien tillet det, blir turnéen utvida med nokre spelestadar til.

Konkurransen om verksemda er hard, og teatret slit med å kunne gi dei einskilde framsyningane det marknadsmessige trykk som er naudsynt for å trekke folk. Slike turnéframsyningar får som oftast berre ein sjanse på kvar stad, så "munn til munnmetoden" får sjeldan sjansen til å virke. Vidare veit vi at det knapt finst nokon kunstart som er så avhengig av lokalt eigarskap som teater. Jo meir teatret blir tvunge til å bli verande i Molde, jo større bli avstanden til dei andre spelestadene. Dette er ein vond sirkel.


Saman med Ålesund kommune har teatret teke initiativ til prosjektet Teaterbyen Ålesund. Prosjektet har fått økonomisk støtte frå Sparebanken Møre og frå Teatret Vårt. Ålesund Teaterfestival inngår også. Vidare har kommunen påteke seg å dekkje kontorutgifter, telefon, rekneskapstenester o.a. Prosjektleiaren er tilsett. Målet med prosjektet er å få til kontinuerleg teaterverksemd i den største byen i Møre og Romsdal, på lang sikt ser ein for seg ei form for biscene for Teatret Vårt i Ålesund, der ein særleg spesialiserer seg på figur-/dukketeater. For Teatret Vårt handlar dette om å freiste å få skikkeleg innpass i eit område av fylket der ein har størst publikumspotensial. Ein er klar over at dette krev innsats over tid, og at det ikkje finst enkle løysingar når det gjeld å bygge opp eit stort og interessert publikum. Vi trur at produksjon er eit nøkkelord. Å produsere framsyningar utanfor Molde kan vere med på å styrke eigarskapsforholdet til teatret på speleplassen. Dette kan vi ikkje gjøre alle plassar, men erfaringane frå tidlegare produksjonar som Teatret Vårt har gjort i Ålesund tyder på at det kan vere ein fruktbar måte å arbeide på. Lengre speleperiodar av same stykket kan også vere ei løysing, men dette skjer fort i staden for å spele andre stader i fylket. Ein auka marknadsføringsinnsats er nok også naudsynt. Men teatret manglar i dag ressursar til å kunne gjere dette.



Vivi Sunde, Terese Mungai og Svein Solenes i

LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.



Terese Mungai i

LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.



Håkon Moe og Valborg Frøysnes i
ET ROM FOR KJÆRLIGHET
Foto: Arild Moen.



Anitra Terese Eriksen og Valborg Frøysnes i
ET ROM FOR KJÆRLIGHET
Foto: Arild Moen.

RESULTATREKNESKAP

| | NOTE | 2007 Rekneskap | 2006 Rekneskap | 2005 Rekneskap |
|---------------------------------------|---------|-------------------|-------------------|-------------------|
| I Driftsinntekter | | | | |
| Billett- og programsal | 2 | 2 808 868 | 2 840 188 | 2 039 776 |
| Andre inntekter | | 1 785 595 | 1 440 011 | 904 675 |
| Driftstilskott | | 20 480 500 | 19 073 000 | 17 978 100 |
| Sum driftsinntekter | | 25 074 963 | 23 353 199 | 20 922 551 |
| II Driftskostnader | | | | |
| Kostnader arbeidskraft | 3, 4, 5 | 13 377 980 | 14 466 747 | 13 934 097 |
| Materialkostnader | | 484 110 | 631 649 | 482 651 |
| Sal- og informasjonskostnader | | 1 016 956 | 1 170 191 | 923 323 |
| Andre driftskostnader | | 6 272 955 | 4 517 524 | 2 796 041 |
| Kostnader lokale | | 2 277 086 | 2 209 556 | 2 000 665 |
| Utstyrskostnader | | 100 353 | 108 042 | 134 823 |
| Avskrivningar | 6 | 596 294 | 530 068 | 521 727 |
| Sum driftskostnader | | 24 125 734 | 23 633 777 | 20 793 326 |
| III Driftsresultat | | 949 229 | -280 579 | 129 225 |
| IV Finansielle postar | | | | |
| Finansinntekter | | 41 214 | 30 652 | 33 156 |
| Finanskostnader | | 47 466 | 30 457 | 23 220 |
| Resultat av finansielle postar | | -6 252 | 195 | 9 936 |
| V Resultat før EOP | | 942 978 | -280 384 | 139 161 |
| VI Ekstraordinære postar | | | | |
| Ekstraordinære inntekter | | | | |
| Ekstraordinære kostnader | | | | |
| Resultat av ekstraord. postar | | 0 | 0 | 0 |
| VII Årsresultat | | 942 978 | -280 384 | 139 161 |
| Avsatt til annan egenkapital | | 942 978 | -280 384 | 139 161 |

BALANSE pr. 31.12.

| | NOTE | 2007 | 2006 | 2005 |
|--|------|------------------|------------------|------------------|
| Anleggsmidler | | | | |
| Varige driftsmidler | 6 | 2 147 254 | 2 508 576 | 2 645 180 |
| Finansielle anleggsmidler | 9 | 220 701 | 189 054 | 144 852 |
| Sum anleggsmidler | | 2 367 955 | 2 697 630 | 2 790 032 |
| Omløpsmidlar | | | | |
| Kundefordringar | | 1 243 528 | 206 732 | 443 480 |
| Andre kortsiktige fordringar | | 78 481 | 46 913 | 82 399 |
| Forskottsbetalte kostnader og opptente inntekter | 10 | 976 348 | 1 364 760 | 0 |
| Kasse, bank | 8 | 917 705 | 195 341 | 1 047 732 |
| Sum omløpsmidlar | | 3 216 062 | 1 813 746 | 1 573 611 |
| SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR | | 5 584 016 | 4 511 376 | 4 363 642 |
| Eigenkapital | | | | |
| Innskutt eigenkapital | | | | |
| Aksjekapital (275 á 2.000,-) | | 550 000 | 550 000 | 550 000 |
| Opptjent eigenkapital | | | | |
| Annan eigenkapital | | 2 165 451 | 1 222 474 | 1 502 856 |
| Sum eigenkapital | 7 | 2 715 451 | 1 772 474 | 2 052 856 |
| Langsiktig gjeld | | | | |
| Lån | | 0 | 0 | 0 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| Kreditorar | | 339 658 | 648 127 | 295 011 |
| Skuldig feriepengar m.m. | | 1 073 371 | 1 097 513 | 1 065 575 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 844 969 | 861 323 | 933 519 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 36 116 | 17 901 | 16 681 |
| Forskottsbetalte inntekter og opptente kostnader | 10 | 574 451 | 114 038 | 0 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 2 868 565 | 2 738 902 | 2 310 785 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 5 584 016 | 4 511 376 | 4 363 642 |



Frode Rasmussen i
JEPPE VERTSHUS
Foto: Teatret Vårt.



Ina Breivik i
MARGOT -THE SHOW!
Foto: Trine Klemetsen.



Terese Mungai og Vivi Sunde i

LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.



Terese Mungai i

LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.

NOTAR

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingkost for egentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste-verdiprinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

Note 1: Turnéutgifter

| | |
|--------------------------------|------------------|
| Lønnsrelaterte kostnader | 1 035 000 |
| Husleige, arrangørhonorar m.m. | 275 000 |
| Transport og bilhald | 513 000 |
| Hotel | 650 000 |
| Annonsering på turné | 212 000 |
| Sum turnéutgifter | 2 685 000 |

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turnéverksemd. Ordinær lønn i turné perioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétilllegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnéverksemd.

Note 2: Billettinntekter

| | |
|---------------------------------------|------------------|
| Kafeteater | 27 386 |
| ...og barnlige lyst | 8 650 |
| Okse og Esel | 6 000 |
| Juleprogram for eldre | 18 000 |
| Tolvskillingsopraen | 920 074 |
| Lampedusa | 332 710 |
| Veien til Kleptomantra | 9 500 |
| Elling i nærkontakt | 499 550 |
| Et rom for kjærlighet | 456 510 |
| Jeppes Vertshus | 73 170 |
| 1900: Christian Molands hemmelige liv | 12 665 |
| Lottes hemmelighet | 28 612 |
| There Is Nothing | 1 407 |
| Margot - the show! | 406 010 |
| Andre arrangement | 8 420 |
| Sum | 2 808 664 |

Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.07 til 31.12.07 er det utbetalt honorar til styret med kr 102 000.

Løn til teatersjef kr 676 359 inkludert husleige kr 113 196.

Revisor har motteke kr 38 750 som godtgjersle for ordinær revisjon.

Note 4: Lønskostnader

| | 2007 | 2006 |
|--------------------|-------------------|-------------------|
| Lønningar | 10 134 756 | 10 891 039 |
| Arbeidsgivaravgift | 1 498 408 | 1 581 125 |
| Pensjonskostnader | 1 059 992 | 1 091 816 |
| Andre ytingar | 684 824 | 902 767 |
| Sum | 13 377 980 | 14 466 747 |

Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

Note 6: Varige driftsmidlar

| | Bilar | Maskiner inventar | Bygg | Sum |
|--------------------|-----------|----------------------|-----------|------------|
| Kostpris 01.01. | 595 759 | 2 150 260 | 1 202 302 | 3 948 321 |
| Tilgang i året | 0 | 234 973 | 0 | 234 973 |
| Salg i året | | | | |
| Kostpris 31.12. | 595 759 | 2 385 233 | 1 202 302 | 4 183 194 |
| Akk.avskr. | - 308 995 | -1 181 211 | -560 483 | -2 050 689 |
| Bokf. verdi 31.12. | 286 764 | 1 204 022 | 641 819 | 2 132 605 |
| Årets avskr. | 61 132 | 321 222 | 213 940 | 596 294 |
| Avskr. tid | 10 | 10 | 20 | |
| Avskr. plan | Lineær | Lineær | Lineær | |

Leigekontraktar

Årleg leige av Julsundvegen 4 er kr 1 252 620. Leigekontrakten utgår 31.12.2009 med rett til fornying. Årleg leige av verkstad og lagerlokaler i Krohnsvingen 1 er kr 202 918. Leigekontrakten utgår 01.08.2012 med rett til fornying.

Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon

| | Aksje- kapital | Annan EK | Sum |
|-----------------|-------------------|-------------|-----------|
| EK pr. 31.12.06 | 550 000 | 1 222 474 | 1 772 474 |
| Årsresultat | | 942 978 | 942 978 |
| EK pr. 31.12.07 | 550 000 | 2 165 451 | 2 715 451 |

Aksjonærer pr . 31.12.07 var:

| | Antall | Eier- andel | På- lydende | Balanse- ført |
|---------------------------------------|------------|----------------|----------------|------------------|
| Møre og Romsdal fylke | 132 | 48 % | 2 000 | 264 000 |
| Molde kommune | 132 | 48 % | 2 000 | 264 000 |
| Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal | 11 | 4 % | 2 000 | 22 000 |
| Sum | 275 | 100 % | | 550 000 |

Note 8 Bankinnskott

Det er avsett kr 437 779 på eigen bankkonto for skattetrekk-smidlar.

Note 9 Finansielle anleggsmidlar

| | |
|-----------------------------------|----------------|
| Stiftelsen Bjørnsonfestivalen | 30 000 |
| Stiftelsen Ålesund Teaterfestival | 3 000 |
| Stiftelsen Schwittersdagene | 5 000 |
| Eigenkapital i KLP | 182 701 |
| Sum | 220 701 |

Note 10: Periodiseringar

Forskottsbetalte kostnader og påkomne inntekter

Denne kontoen inneheld: Honorar utbetalt på forskott på tilsaman kr 64 300 for *Vinterdvale* som har premiere i februar 2008. Forskott honorar på kr 96 178 til *Det regner aske* som har premiere i januar 2009. Kostnader ved planlegging av nytt hus er forskottert med i alt kr 815 870 der Molde kommune sin andel er kr 400 000 og Molde International Jazz Festival sin andel er kr 204 000.

Forskottsbetalte inntekter og påkomne kostnader

Denne kontoen inneheld: Forskottsbetalte inntekter på kr 30 000 i sponsorer og kr 388 800 i billettinntekter for *Et rom for kjærlighet*. Påkomne utgifter gjeld framsyninga *Lampedusa* med kr 25 000, kr 30 650 for rettigheter på framsyninga *Et rom for kjærlighet*. Teateret sin del av kostnader for Teaterbyen Ålesund prosjektet for 2007 på kr 100 000 blei betalt i januar 2008.

Elen Levin
styreleiar

Ottar Brage Grottelvik

Valborg Frøyenes

Pu Kin Thompson

Stevdi Lekevig Holm

Carlén Lund
teatersjef



Terje Halsvik og Ola G. Furuseth i
ELLING I NÆRKONTAKT
Foto: Arild Moen.



Gøril Haukebø i
ELLING I NÆRKONTAKT
Foto: Arild Moen.

Fast og åremåls tilsett personale

| | |
|--|-----------|
| Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling | 10 |
| Skodespelarar | 8 |
| Teknisk personale | 8 |
| Sum tilsette | 26 |
| Utgjør 24 heile stillingar | |

Framsyingar og billettinntekter

| | |
|---------------------------|-----------|
| Publikum | 39 451 |
| Framsyingar | 276 |
| Billettinntekter | 2 808 664 |
| Gj.snitt inntekt pr.bill. | 71,20 |

Totale driftsinntekter- og utgifter

| | |
|---------------------------------------|-----------|
| Eigne inntekter | 4 594 463 |
| i prosent av totale driftsutgifter | 19,0% |

Tilskott

| | |
|----------------------------|-------------------|
| Staten (kap. 324, post 71) | 14 315 000 |
| Møre og Romsdal fylke | 3 068 000 |
| Molde kommune | 3 067 500 |
| Andre tilskott | 30 000 |
| Samla tilskott | 20 480 500 |

ØKONOMISK RESULTAT

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <u>Inntekter:</u> | | | | |
| Billettsal | 5,4 | 2,0 | 2,8 | 2,8 |
| Anna | 1,3 | 0,9 | 1,4 | 1,8 |
| Tilskott | 17,6 | 18,0 | 19,1 | 20,5 |
| Sum | 24,3 | 20,9 | 23,3 | 25,1 |

Kostnader

| | | | | |
|-----------------|----------|------------|-------------|------------|
| Drift | 24,3 | 20,8 | 23,6 | 24,1 |
| Finansk. | 0 | 0 | 0,0 | 0,0 |
| Ekstraord. | 0 | 0 | 0,0 | 0,0 |
| Resultat | 0 | 0,1 | -0,3 | 1,0 |

Eigenkapital pr 31.12.

| | | | | |
|------------|------------|------------|------------|------------|
| Sum | 1,9 | 2,1 | 1,8 | 2,7 |
|------------|------------|------------|------------|------------|

STATISTIKK 2007

| Produksjon | For barn og ungdom | |
|----------------------------|--------------------|-------------------|
| | Publikum | Fram- syningar |
| Tolvskillingsoperaen | 17 316 | 53 |
| Elling i nærkontakt | 4 852 | 47 |
| Lampedusa | 6 419 | 69 |
| Et rom for kjærlighet | 5 983 | 40 |
| Veien til Kleptomantra | 388 | 8 |
| Okse og Esel | 150 | 1 |
| Tur og orden | 64 | 1 |
| Kongstrollet | 40 | 1 |
| Ship of Hope - America | 728 | 11 |
| There is nothing... | 105 | 1 |
| Margot - the show! | 1 332 | 8 |
| Jeppes Vertshus | 782 | 12 |
| 1900 Christian Molands liv | 129 | 3 |
| Tango | 121 | 2 |
| Fra regnormenes liv | 97 | 2 |
| Sidescenen/andre arr. | 945 | 17 |
| SUM | 39 451 | 276 |

REVISJONSMELDING

Sigmund Hameshaug
Statsautorisert revisor

Telefon: 71 11 14 51 - direkte
Telefon: 71 11 10 00 - hovedkontor
Telefaks: 71 11 10 28

E-post:
sigmund.hameshaug@molde.kommune.no
Org./revisjonsnr.: 962 517 951

Til generalforsamlingen i Teatret Vårt AS

REVISJONSBERETNING FOR 2007


Jeg har revidert årsregnskapet for Teatret Vårt AS for regnskapsåret 2007, som viser et overskudd på kr 942 977,59. Jeg har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre og daglig leder. Min oppgave er å uttale meg om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Jeg har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at jeg planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Jeg mener at min revisjon gir et forsvarlig grunnlag for min uttalelse.

Jeg mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet, er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter

Molde, 21. mai 2008


Sigmund Hameshaug
Statsautorisert revisor

STRATEGIDOKUMENT 2009-2011

“Det som var den bærende bjelken i Teatret Vårt var en sterk tro på att den bästa teatern kan göras var som helst”

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet og i 2007

Vi vet at det ikke finnes lettvinde veier til kunstneriske resultater. All kunst forutsetter nysgjerrighet, undring, fantasi og overskridelse. Man må overraske og overraskes. Selvtilfredshet skaper sjelden langvarig suksess. I kunsten finnes ingen oppskrifter. Så selv om planer og strategidokumenter er upålitelige navigasjonsinstrumenter, kan de brukes til å reflektere over noen målsettinger, diskutere noen mulige veivalg.

Lite teater i liten by

Små økonomiske ressurser kan langt på vei kompenseres ved at organisasjonen er smidig og oversiktlig. Raskt og enhetlig kan det konsentrere seg om et kunstnerisk prosjekt, en enkelt forestilling eller samle seg bak noen felles bærende kunstneriske ambisjoner.

Teatret har et synlighetsproblem. Byen ligger i god avstand fra fjernsynsstudier og kommersiell underholdningsindustri. Riksavisene er mindre interessert i scenekunst utenfor de store byene, først og fremst Oslo. Det er blitt betydelig vanskeligere å synes i et stadig mer sentralisert mediebilde. Teatret kan ikke undervurdere de utfordringene som det gir å være en profesjonell kunstproduserende institusjon med store ambisjoner med beliggenhet i det såkalte distrikts-Norge. Teatret Vårt mener at det derfor må hente fram kvaliteter som ingen andre teatre har.

Dette er grunnlaget for planene om et eget jazz- og teaterhus på Gørvellplassen i Molde. For det første vil en realisering av disse planene gi teatret scenetekniske fasiliteter det aldri før har hatt. Institusjonen har vært i provisoriske lokaler siden starten i 1972. Videre vil samarbeidet med Jazzfestivalen, Bjørnsonfestivalen og Kunstnersenteret samt biblioteket gi alle institusjonene mulighet til vekst og utvikling. Det vil skape et større fagmiljø, det vil åpne for spennende genreoverskridende prosjekt og det vil styrke den kulturelle infrastrukturen for hele regionen.

Konsentrasjon og kresent repertoarvalg

Men det er mulig å holde stor konsentrasjon rundt den enkelte oppsetning. For mange skuespillerne er det godt å kunne vie seg ett enkelt prosjekt fullt og helt. For dem er det rolleoppgavene og sammenhengen som avgjør. Er stykket spennende, er instruktøren attraktiv, er min oppgave meningsfull? Teatret må benytte dette bevisst. Det stiller store krav til repertoarvalg og valg av instruktører og scenografer. Teatret må være tidlig ute med å hente inn skuespill fra utlandet og å holde særlig utkikk etter den nye norske dramatikken. Klassikeroppsetningene bør være overraskende og originale. Repertoaret de senere år understreker denne profilen. Det er et stort innslag av norgespremierer og klaskikerne har ofte vært overraskende. Teatret skal fortsette å rekruttere helt unge skuespillere, gi dem store og meningsfulle oppgaver sammen med ensemblets faste medlemmer og tilreisende gjester. Teatret Vårt ønsker å satse på Bjørnsons dramatik i årene fram til Bjørnsonmarkeringen i 2010. Et stykke av Bjørnson vil bli produsert hvert år fra 2008.

Nytt hus, nye skuespill

I forbindelse med planene om et nytt teaterbygg er det tatt flere skritt med tanke på å presentere flere nyskrevne skuespill i det nye huset. Flere av disse har lokal og regional tilknytning.

Teknisk stab og administrasjon

Teatret trenger en liten men dypt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet i forhold til tradisjonelle fagskilleder. Innenfor området turnéavvikling har teatrets tekniske personale særlige kvalifikasjoner. Disse må dyrkes og utvikles videre. Scenetekniske personale må få

anledning til å utvikle seg faglig også på de områdene der teatret ikke har spisskompetanse.

Teatrets administrasjon har som helhet lang erfaring og stor dyktighet, både når det gjelder planlegging, økonomi og kontakt med teatrets mange ulike spillesteder. Administrasjonen er en sentral del av teatrets infrastruktur. I forbindelse med innflyttingen i et nytt hus vil ulike samarbeidsmodeller kunne utvikles. Teatret, Bjørnsonfestivalen og Jazzfestivalen har allerede etablert felles regnskapstjeneste. Andre muligheter for samarbeid vil kunne styrke den administrative kompetansen ytterligere og vil i noen grad kunne gi synergieffekter.

Kunstnerisk teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteatret har lav prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har tatt mål av seg til å være et kunstnerisk teater også for barn og ungdom. Å satse på et ungt publikum skal vi ikke gjøre av hensyn til fremtidens publikum. Barn og unge er et publikum i dag.. Barn og unge har også krav på at deres liv og erfaringer blir gjenstand for den samme oppmerksomhet, undersøkelse, undring og utforskning som voksne menneskers. Teater handler om menneskets evige spørsmål om hvem det selv er. Teatret Vårt vil gjennom satting på å søke annerledes barnedramatik, utvikle ny norsk barnedramatik gjøre et bidrag når det gjelder å fornye norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt ønsker å være ledende på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppen. Teatret ønsker å videreutvikle sin enhet for teaterformidling i årene som kommer. Teatret Vårt deltar som regionpartner i DUS – Connections. (Et ungdomsteaterprosjekt med nyskrevet norsk dramatik) Samarbeidet med blant annet Møre og Romsdal fylke om *Den kulturelle skolesekken* må utvikles videre slik at den kan bli et redskap i fornyelsen av norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt vil videre assistere flere kulturskoler med opprettelsen av teaterfaget i dette skoleslaget. Vi vil i den forbindelsen prioritere grunnleggende skuespillerferdigheter, ikke ulikt slik musikkskolene har prioritert grunnopplæring på de ulike musikkinstrumenter.

Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net bør føres videre etter at de økonomiske midlene fra EU-kommisjonen forsvinner. Dette kan skje på bilateral basis mellom teatre som er blitt kjent under de 7 årene MaicNet har eksistert. Den internasjonale utvekslingen virker befordrende og inspirerende for hele fagmiljøet og gir teatret muligheter til å vurdere eget faglig nivå mot en internasjonal målestokk. Å kunne reise ut og i perioder også være ved teatre i utlandet kan være et viktig konkurransefortrinn for Teatret Vårt. Teatret Vårt fortsetter å medvirke i EuNetArt – den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

Nye utfordringer i turnépolitikken

Et kjerneområde for regionteatrets virksomhet er turnévirkomheten. Teatret Vårt skal være teater for hele Møre og Romsdal. Innenfor barne- og ungdomsteatret når teatret bedre ut enn noensinne takket være en velfungerende *Kulturell skolesekk*. Når det gjelder det ordinære tilbudet til et voksent publikum er situasjonen noe vanskeligere. Markedsituasjonen har endret seg på de mer enn 30 årene teatret har vært på veien. Fritids- og underholdningstilbudene er større. Det er krevende å markere seg tilstrekkelig på det enkelte spillested. Det er krevende å opprette sterke eierskapsbånd til bygger, byer og tettsteder vi bare besøker noen enkeltdager i løpet av et år. Teatret vil i årene som kommer måtte styrke arrangørnettverket. Sammen med Møre og Romsdal fylke og enkeltkommuner må teatret finne frem til en turnépolitikk tilpasset vår tid. Særlig må teatret styrke sin posisjon i de to andre store byene, Ålesund og Kristiansund. Her finnes et stort publikumspotensial. Teatret må sammen med andre aktører bygge opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterforestillinger (også andre teatres forestillinger slik som Riksteatrets).

TEATRETS VENNER

Teatret Vårt har sidan 2003 hatt si eiga veneforeining. Sett i forhold til byens og teatrets storleik er dette ei stor veneforeining i norsk samanheng. Teatrets Venner arrangerer venekveldar med teaterframsyningar, eige lese- og lyrikkgrupper, samt teaterturar og medlemsbladet Innkikk.

Pr. 31. januar 2007 var medlemstalet 453.



Svein Solenes, Valborg Frøysnes og Håkon Moe i

I TUR OG ORDEN

Foto: Teatret Vårt.



Håkon Moe og Valborg Frøysnes i
ET ROM FOR KJÆRLIGHET

Foto: Arild Moen.



Valborg Frøysnes og Håkon Moe i
ET ROM FOR KJÆRLIGHET

Foto: Arild Moen.

REPERTOAR 2007

HOVUDPRODUKSJONAR

Tolvskillingsoperaen

av Bertolt Brecht og musikk av Kurt Weill
Gjendiktet av Halldis Moren Vesaas

Medverkande: Randolph Walderhaug, Kim Fairchild, Lena Kristin Ellingsen, Thorir Sæmundsson, Henriette Myhre, Tora Augestad, Svein Solenes, Jørn Morstad, Dorina Iversen, Bo Anders Sundstedt, Håkon Moe, Jan Huse
Musikare: Per Chr. Revholt og Ket Iren Lødemel

Regi: Catrine Telle
Scenograf og kostyme-designer: Thomas Bjørnager
Koreograf: Jonas Digerud
Lysdesigner: Finn Landsperg
Musikalsk ansvarlig, arrangør og kapellmester: Per Chr. Revholt.
Dramaturg: Carl Morten Amundsen.

Premiere 18. januar 2007 på Bjørnsonhuset i Molde
Framsyingar 53
Publikum 17 316

Tolvskillingsoperaen var en samproduksjon mellom Teatret Vårt og Riksteatret.

Elling i nærkontakt

av Axel Hellstenius etter Ingvar Ambjørnsens roman *Elsk meg i morgen*

Medverkande: Ola G. Furusest, Jan Martin Johnsen, Valborg Frøysnes, Terje Halsvik, Gøril Haukebø

Regi: Erik Ulfsby
Scenografi og musikk: Arne Nøst
Lysdesign: Finn Landsperg
Dramaturg: Carl Morten Amundsen
Regiassistent: Vivi Sunde

Urpremière i Ålesund under Ålesund Teaterfestival 6. mars 2007
Framsyingar 47
Publikum 4 852

Lampedusa

av Henning Mankell omsett av Edvard Hoem

Medverkande: Vivi Sunde, Terese Mungai, Svein Solenes

Regi: Henning Mankell
Assisterende instruktør: Carl Morten Amundsen
Scenograf: Milja Salovaara
Musikk: Henning Sommerro
Lysdesign: Finn Landsperg
Masker: Ruth Haraldsdottir Norvik

Noregspremière i Rauma kulturhus, Åndalsnes, 14. september 2007.

Lampedusa var en samproduksjon mellom Teatret Vårt og Riksteatret.

Framsyingar 69
Publikum 6 419

Et rom for kjærlighet

av Malin Lagerlöf omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Valborg Frøysnes, Håkon Moe, Anitra Terese Eriksen

Regi: Carl Morten Amundsen
 Scenograf: Martin Linde
 Musikk: Jonas Høgseth
 Lysdesign: Finn Landsperg

Noregspremière 13. oktober 2007 på Kulturhuset i Molde.
 Framsyningar 39
 Publikum 5 923

Veien til Kleptomantra

av Vivi Sunde

Medverkande: Valborg Frøysnes

Regi: Vivi Sunde

Urpremiere på Lillekollen barnehage i Molde 26. november 2006.
 Framsyningar 8 13 (2006)
 Publikum 388 347 (2006)

Okse og Esel

av Norbert Ebel omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Ola G. Furuseth og Terje Halsvik

Regi: Randolph Walderhaug
 Scenograf: Martin Linde

Nypremiere på Teatret Vårt i Molde 12. desember 2006.
 Framsyningar: 1 35 (2006) 18 (2005)
 Publikum: 150 6761 (2006) 1677 (2005)

Tur og orden

en scenisk framføring av utdrag frå Brit Bildøens roman *Tur og orden*. Bearbeid av Vivi Sunde.

Medverkande: Valborg Frøysnes, Håkon Moe og Svein Solenes

Regi: Carl Morten Amundsen
 Musikk: Arne Nøst og Jonas Høgseth

I samarbeid med Bjørnsonfestivalen.

Urpremière 31. august 2007 under Bjørnsonfestivalen.
 Framsyningar 1
 Publikum 64

Kongstrollet på Skåla og andre fortellinger

- et program i ord og toner

Medverkande: Asgeir Hoffart og Gøril Haukebø
 I samarbeid med Møremusikarane.

Urpremiere på Lundhagen omsorgsenter i Bud, 30. november 2006.
 Forestillinger 1 9 (2006)
 Publikum 40 330 (2006)

SAMPRODUKSJONER

Magic-Net produksjon:

Ship of Hope - America

Fritt etter Franz Kafka

Medverkande
 frå Teatret Vårt: Svein Solenes og Håkon Moe

Framsyningar 11 13 (2006)
 Publikum 728 978 (2006)



FRA REGNORMENS LIV

Gjestespill fra Nordland Teater.



Mari Bjørnsdotter Vinjar i

THERE IS NOTHING...

Foto: Teatret Vårt.

Generalsponsor:



SPAREBANKEN MØRE

Hovudsponsorar:



ALEXANDRA, MOLDE
BY CHOICE HOTELS

TIBE
REKLAMEBYRÅ

Romsdals Budstift

There is nothing more common than the wish to be remarkable

ei danseteaterframsyning av Mari Bjørnsdotter Vinjar

Medverkande: Mari Bjørnsdotter Vinjar
Musikk: Sindre Klykken Johnsen og Arne Torvik

Urpremiere på Teatret Vårt 10. oktober 2007.

Framsyningar 1
Publikum 105

GJESTESPEL

Margot - the show!

av og med Ina Breivik

Framsyningar 8
Publikum 1 332

Jeppes Vertshus

Frode Rasmussen og Hilde Marie Vestrheim tolker Ludvig
Holbergs klassiker *Jeppes på Berget*

Medverkande: Frode Rasmussen og Hilde Marie Vestrheim

Moldepremiere 31. mai 2007 på Teatret Vårt i Molde.

Framsyningar 12
Publikum 782

1900 Christian Molands liv

av Gunnar Staalesen

Medverkande: Frode Rasmussen og Yvonne Øyen
Musikk: Jonas Nielsen

Moldepremiere 26. april 2007 på Teatret Vårt i Molde.

Framsyningar 3
Publikum 129

Tango

Gjestespel frå Nordland Teater

Framsyningar 2
Publikum 121

Fra regnormenes liv

Gjestespel frå Nordland Teater

Framsyningar 2
Publikum 97

SIDESCENEN OG ANDRE ARRANGEMENT:

Sidescenen og andre arrangement

Framsyningar 17
Publikum 945

PERSONALE VED TEATRET VÅRT

Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

| | | |
|-----------------------|-------------|---------------|
| Valborg Frøysnes | heile året | (skodespelar) |
| Terese Mungai | frå 1.8. | (skodespelar) |
| Gøril Haukebø | heile året | (skodespelar) |
| Håkon Moe | heile året | (skodespelar) |
| Svein Solenes | heile året | (skodespelar) |
| Vivi Sunde | heile året | (skodespelar) |
| Randolf Walderhaug | 1.1.-30.4. | (skodespelar) |
| Terje Halsvik | 1.1.-31.7. | (skodespelar) |
| Ola G. Furusest | 1.1.-31.7. | (skodespelar) |
| Thorir Sæmundsson | 1.1.-30.4. | (skodespelar) |
| Anitra Terese Eriksen | 1.9.-30.11. | (skodespelar) |

Administrasjon:

| | | |
|---------------------|------------|---------------------|
| Carl Morten Amunsen | heile året | (teatersjef) |
| Venche Husevik | frå 20.8. | (billettseigar) |
| Mary Farstad | heile året | (adm. konsulent) |
| Halvard Fiksdal | heile året | (produsent) |
| Rolf-Inge Hjelseth | heile året | (informasjonsleiar) |
| Knut Lidvard Høgset | heile året | (direktør) |

STYRET VED TEATRET VÅRT

Representantar frå Staten:

| | |
|-------------------|---------------|
| Elen Lein | styreleiar |
| Just Ingebrigtsen | styremedlem |
| Arild Hervik | styremedlem |
| Heidi Løklingholm | styremedlem |
| Liv Stette | 1. varamedlem |
| Bjørn Michelsen | 2. varamedlem |

Representantar frå Møre og Romsdal fylke:

| | |
|-----------------------|-------------|
| Ottar Brage Guttelvik | styremedlem |
| Frødis Austigard | varamedlem |

Representantar frå Molde kommune:

| | |
|---------------------|------------|
| Per Kåre Trengereid | nestleiar |
| Janne Huse | varamedlem |

Representantar frå dei tilsette:

| | |
|------------------|-----------------------|
| Valborg Frøysnes | styremedlem |
| Svein Larsen | varamedlem/observatør |

| | | |
|-----------------------|----------------|--------------------|
| Evy Johannessen | heile året | (adm. sekretær) |
| Rolf Magnus Orø | heile året | (formidlingsleiar) |
| Tone M. Cumming | heile året | (markedsleiar) |
| Solveig M. Vågen | perm. frå 8.1. | (markedsleiar) |
| Kristian L. Strømskag | heile året | (dramaturg) |

Teknisk:

| | | |
|--------------------|-------------|--------------------|
| Gerd G. Austnes | heile året | (system) |
| Mathias Hammerø | heile året | (snikkar/teknikar) |
| Knut Arve Karlberg | heile året | (teknikar) |
| Bjørn Kaldvatsvik | heile året | (inspisient) |
| Svein Larsen | heile året | (teknisk leiar) |
| Finn Landsperg | heile året | (lysmeister) |
| Åshild Mjåseth | heile året | (system/leiar) |
| Bergliot Rørvik | heile året | (rekvisitør) |
| Magnar Mork | frå 24.8. | (snikkar/teknikar) |
| Jonas Høgseth | 1.9.-20.10. | (inspisient) |

REPRESENTASJON

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

| | |
|----------------------|-------------|
| Carl Morten Amundsen | styremedlem |
|----------------------|-------------|

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

| | |
|---------------------|-------------|
| Knut Lidvard Høgset | styremedlem |
|---------------------|-------------|

Norsk Teater- og orkesterforening:

| | |
|-----------|-------------|
| Elen Lein | styremedlem |
|-----------|-------------|

Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

| | |
|----------------------|--------|
| Carl Morten Amundsen | medlem |
|----------------------|--------|

Norsk Teaterlederforum:

| | |
|----------------------|------------|
| Carl Morten Amundsen | styreleiar |
|----------------------|------------|

Støtta av:



Møre og Romsdal fylke



MOLDE KOMMUNE

Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no